

INNHALD

Forord	5
Bergen – ei reise i ei anna verd	9
Meir enn eit torg	11
Frukt frå hav og fjord	16
Jektefarten	18
Byved og byvarer	20
Rikshovudstad	22
På reisefot frå Bergen til Sogn	31
Kvernsteinlandet	36
Fjorden	40
Folk på vandring	42
Det magiske livet ved fjorden	47
Småbyen Høyanger – idyll og industri	50
Veglause grender	53
Fem i stav og fem i stein	56
Den magiske osten	59
Hotell og bygdebyen	60
Fjærlandsfjorden	68
Leikanger	75
Fimreite	77
Sogndalsfjøra	81
Kaupanger	84
Lærdalsøyri – så langt rekk pusten frå Bergen	84
Verdsarven i Nærøyfjorden	89
Aurlandsfjorden	92
Frønningen	101
Årdal – sosialt mønstersamfunn	103
Lustrafjorden	108
«Fortun fra til Sognefest»	110
Fakta om kommunane	112

Foto: Idun Husabø Anderssen 100, Oskar Andersen 83, 102, 103, Leiv Bergum 34, 47, 51, 54, 56, 64b, 72, 93, 106a, Guttorm Flatabø 58, 111, Fylkesarkivet 44, Magne Hamre 32, 37, 38a, Trond J. Hansen 69, 70, Petri Henriksson 10, 11, 80, Lars Nes 38b, 52, 57, 60, 77, 106b, Norsk Bremuseum 73, OSY 41, 64a, 67, 84, 85, 109, Bjørn Skanke Sande 49, 62, 68, Simone Stibbe 79, Robin Strand 4, 6, 8, 9, 12, 15, 16, 17, 18, 22, 23, 25, 27, 28, 30, 48, 61, 74, 86, 87, 94, 97, 98, 104, Helge Sunde 59, 88, 91, 96, Utlån Johs. B. Thue 20, Utlån Mulla Kvikne 43.

Omslagsfoto: Leiv Bergum (framside), Robin Strand (a), Trond J. Hansen (b), Lars Nes (c)

Grafisk formgjeving: Silje Nes
Trykk: Kaunas

© SKALD AS 2007

Tlf. 57 65 41 55
e-post: forlag@skald.no
www.skald.no

ISBN 978-82-7959-102-3 (norsk utgåve)
ISBN 978-82-7959-103-0 (English edition)



BERGEN - EI REISE I EI ANNA VERD

Eg står på Fisketorget i Bergen. Kring meg og tett innpå ligg Byen. Eg ser på folkelivet, gatene, husa, kaiane og dei monumentale byggverka. Dette er Bergen, også vår by, sogningane sin einaste by, vårt Sentrum. Det er byens Torg og distriktets Torg, vestlendingane og nordlendingane sin møtestad gjennom tusen år, heilt bakover til 1000-talet.

Bergen sentrum har endra seg mykje. For hundre år sidan budde det 90 000 menneske her. I dag er talet kome ned i 30 000, som forresten er noko meir enn folketalet i heile Sogn. Byen har fløymt utover, med tunnelar og bruer. Noko nytt er skapt i dei gamle fiskar- og bondebygdene rundt Bergen. Folketalet i sjølve bykommunen nærmar seg 250 000. Det er ikkje viriliteten til bergenske menn og kvinner som gjer at folketalet veks. Talet på fødsjar går ned, men kvart år syner nettinnflyttinga eit overskot på over 800 menneske.

«Byfjorden» sa nordlendingane om havstykka, fjordane og sunda langt nord for Bergen, der dei kom seglande i jektene sine som var tungt lasta med tørrfisk. Folk frå Sogn kom med ved i mindre jekter,



Bak Bryggen kjem vi tilbake til gamle dagar.

☞ *Fløibanen er ein av Bergens mest kjende turistattraksjonar. Bana blei opna i 1918 og køyrer opp til Fløyen – eit av dei sju byfjella.*



På Nordnes finn vi framleis gamle og intakte bygningsmiljø.

er rimeleg å rekna med at Bergen kan plasserast blant dei byane som voks fram av seg sjølv. Det kan ha vore ein tettstad inst i Vågen på eit par hundre sjeler før Olav Kyrre si kongetid, 1066–1093. Olav Kyrre var den fredsæle kongen som har fått namnet sitt knytt til sjølve grunnleggjinga av byen.

Tidleg på 1100-talet stig Bjørgvin fram som kongeleg hovudstad.

Snart blei byen også stad for bispestolen, som blei flytt frå Selje. Domsmakta kom frå Gulen, frå Gulatinget. Sentralisering av makt og administrative oppgåver har ei 900-årig historie i landet vårt. Samtidig tok Bergen til å trekkja til seg både innanlandske og utanlandske kjøpmenn. Munkeliv Kloster blei etablert tidleg på 1100-talet på Nordnes. Frå Torget ser vi ikkje Nordnes direkte, til det er bygningane på Strandsida for



til den virvlande fjorden. Vi tok ikkje land, men var der frå først av. I opphavet var vi der.

Sognenamnet strekkjer seg milevidt. Vi møter det langt ute i havet vest for Solund, som namn på undervasskjer som dønningar bryt over. I leia nordetter frå Bergen står lykta på Sogneuksen. Vestover møter vi Sognesjøen, eit breitt fjord- og havstykke som er omkransa av Sogne-namn mange stader. Her ligg Sygnefest, der sygnene fester landet sitt. Vest for Sygnefest stikk Vardeneset fram. Her loga varden når det kom ufred til landet og sende signal om vernebuing inn etter fjorden. Her er også Sognnes med Sognneskollen.

Når vi fer over til Gudbrandsdalen, møter vi namnet att som eit austleg ytterpunkt, Sognefjellet. Vegene over dette fjellet blei kalla Sognefjellsvegen – ikkje av sogningane, men av dølene. Det var saltvegen mot fjorden og Sogn, der også døler frå Valdres og Hallingdal fekk livets salt. Vegene blei dølene sin kontakt med Bergen. Bergenskjøpmennene nådde langt med varene sine. Vegene over Sognefjellet er den nasjonale diktarvegen vår. Både Henrik Wergeland, Henrik Ibsen og Edvard Grieg reiste over dette fjellet. Turen gjorde eit sterkt inntrykk på dei. Henrik Ibsen la ei viktig og dramatisk scene, Prestens tale i «Peer Gynt», til kyrkjegarden i Fortun. Henrik Wergeland som hadde breie slektsrøtter frå garden Werklund i Gulen, vart vitskremd av krafta og villskapen då han for ut Sognefjorden for om lag 175 år sidan:


Den har været Dødens Gjest, den har seilet på en Torden,
den er døpt i Rædsler vorden, som har pløyet Sognefjorden
Fortun fra til Sygnefest.

Og han må ha vore uvanleg uheldig med vêret, for i andre verset heiter det:

Har du glemt ditt Fadervor, mindes du ei Bøn at bede:
Lær den av en Guddoms Vrede, tænk dig Synder, da tilsæde
i en Båt på Sognefjord.

Grensa mot Sogn finn vi også att som stadnamn både nord og aust for fjorden. Vi har Sognesand i Jølster, porten til brevegen over til Fjærland, og langt i nord, i Sunndalen i Nordfjord, markerer Sognskardet

☞ *Kysten på Vestlandet er vêrhard.*



FJORDEN


Ei fjordreise er eit kjent varemerke for turistnasjonen Noreg og eit trumfkort i marknadsføringa av turistnæringa. Fjordane er ein landskapstype som Vestlandet og Nord-Noreg er mest åleine om. På Grønland, i Alaska, i Chile og på New Zealand finst det også fjordar, men det særmerkte med dei norske fjordane er den lange busetnadshistoria med kulturlandskapet intakt.

Under istidene for om lag 20 000 år sidan grov breen ut fjorden slik vi kjenner han. Breen strøymde nedover elvedalane og tok med seg lause massar mot havet. Så gjekk han laus på hardare bergartar, på store stykke av granitt, gabbro eller gneis, braut i alle sprekkar og skuva massane føre seg. Harde steinslag blei ståande att slik som i Solund.

Etter ei tid grov breen seg også fram til havet. Den store augneblinken må ha vore då vatnet under breen fossa opp, og havvatnet strøymde inn. Då var den første fjorden forma og opna. Men breen gav seg ikkje. Yst ved Rutletangane, der breisen var mykje tynnare, eroderte ikkje isen like kraftig i berggrunnen. Strekninga er fem kilometer og utgjer ein terskel. Terskelen ytst og djupnene innover gjev oss fjordsystemet.

Kontakten med det varme havvatnet i Golfstraumen gjer Sognefjor-

⇒ *Utsikt utover Aurlandsfjorden.*



SMÅBYEN HØYANGER – IDYLL OG INDUSTRI

I botnen av Høyangsfjorden ligg Høyanger, industribyen som kan stå som eit symbol for omforminga av det norske samfunnet tidleg på 1900-talet. I 1913 budde det 120 menneske på 13 smågardar og fire husmannsplassar i Høyanger. Men etter at A/S Norsk Aluminium Company (NACO) i 1916–18 bygde eit kraftverk og aluminiumsverk, byrja ei ny tid. Folketalet skaut til vers, og i 1920 hadde Høyanger 953 innbyggjarar. Ti år seinare var dette talet var kome opp i 2216, og på dette nivået har folketalet halde seg sidan.

Sjølve landskapsforma er forklaringa på industrieventyret i Høyanger. I flogbratta frå fjellet og ned til fjorden ligg det ei enorm kraft i vatnet som fell og fell. Krafta har alt frå tidleg på 1900-talet blitt nytta til produksjon av elektrisitet. Sogne-regionen er storprodusent av elektrisk energi, og krafta herifrå lyser opp byar og tettstader i Sør-Noreg.

Å koma til Høyanger ei sommarstund er verkeleg å vitja ei anna verd. Vi førestiller oss ein norsk industristad. Men det som møter oss, er ein idyllisk og blommesmykka småby ved fjorden, med gater og villabyar, parkar og alleiar med lindetre. Vi ser ei blomeprakt utan like, nykjøpt kunst i det opne, offentlege rommet, eit moderne arbeidarmonument sentralt framfor Samfunnshuset. Vatn fossar over kvit stein. Byporten, der Industristadmuseet er plassert, fortel om heile den arkitektoniske tanken bak småbyen. Frå Byporten ser vi beint mot kyrkja som blei teikna av arkitekt Arnstein Arneberg. Kyrkja var forresten det siste offentlege bygget som arbeidarane i Høyanger sette opp. Ho kom så seint som i 1960. Folkets Hus, den sosialistiske møtestaden, reiste dei alt i 1917. Dette faktum fortel om eitt av dei merkelegaste fenomena i den regionale saga vår: Då Høyanger blei etablert som industristad, kom stort sett alle arbeidarane frå bygdene ikring. Dei blei sosialistar og kommunistar alle saman, så å seia over natta.

Stoggar vi kan henda i Marcus Thranes gate, ser vi først statuen av «Mor og barn». Litt lenger nede i gata sit «Passasjer», ei gamal kvinne som ventar på båt eller buss. Kunstnarleg utsmykking er eit særdrag ved Høyanger, den glitrande småbyen utan offisiell bystatus. Høyanger er uvanleg, og ligg framleis som ei moderne og omstilt industriøy i eit hav

➤ *Høyanger kyrkje blei ferdig i 1960 og er teikna av den landkjende arkitekten Arnstein Arneberg.*



KUNSTHISTORISKE PERLER PÅ SOGNEFJORD AKVARIUM

Treskjerjing, lokalhistoriske motiv og akvarellmåling er kombinasjonen Magnus Sande nyttar seg av i si kunstformidling. Arbeida hans finn vi i Galleri Munken i Balestrand. Her møter ein både folkelivet på kaien, kyrkjeferd frå Undredal og lakseverpet. Alt er framstilt med ein suveren teknikk og skore i lind. Magnus Sande er eigentleg utdanna i hotellfaget, og han eigde og dreiv Kringsjå Hotell fram til 1975, då sonen overtok.



ne ned og eit tjuetals amerikanske turistar omkom. Gjennom statlege investeringsordningar blei det gjennomført eit omfattande opprustingsarbeid av dei norske hotella. Brannsikring blei eit av nøkkelorda. Dessutan måtte arbeidet gjennomførast innanfor strenge økonomiske rammer. På denne tida var ikkje Noreg noko rikt land. Ressursane måtte brukast målretta til funksjonelle hotellbygningar, røyr-gater og dammar, kraftleidningar, skular og universitet.

Det er i lys av dette vi kan forstå kvifor dei brannsikre, funksjonelle og rimelege betongblokkene skaut opp på alle turiststadene våre i desse åra. Seinare har det synt seg at reisinga av desse sovefløyane var ei svært lønsam omlegging i næringa. Overnattingskapasiteten blei drastisk utvida, blokkene krev lite vedlikehald, og driftskostnadene er moderate. Inntektene frå hotellblokkene kan nyttast til vedlikehald, utvikling og fornying av dei gamle trebygningane.

FJÆRLANDSFJORDEN

Frå Balestrand kan vi ta ein avstikker til Fjærland. I turistsesongen fører ei ferje dit med retur same dag. Fjærlandsfjorden opnar seg ved Veganeset, ei låg halvøy kledd med furuskog. Veganeset var rettarstad for bygdene i Sogn. Tjuvar og drapsmenn, hekser og trollpakk blei hals-

☞ *Fjærland er nok ein av dei mest idylliske leseplassane i Noreg. Den norske bokbyen i Fjærland vart skipa i 1995.*





Fruktblomstring i Leikanger.

heilt sidan siste halvdel av 1800-talet. Brita Mundal hadde i lag med ektemannen Olaus Dahle og broren Mikkel drive pensjonat i bygda. Mikkel var breførar. Dei hyrte arkitekten Peter Andreas Blix til å teikna eit hotell. Hotel Mundal fekk eit nygotisk preg med bratte tak og spisse gavlar. Det mest særmerkte ved dette hotellet som vart opna 29. juni 1891, er det kraftige hjørnetårnet med ei kjegleforma tårnhette og veranda rundt begge etasjane. Endå om Hotel Mundal er noko endra, framstår dette hotellet som det reine eventyrslottet i dag.

Brita Mundal og ei anna kvinne frå bygda, Klaudine Skarestad, var kunsthandverkarar på høgt nivå. Begge dreiv med veving, og utgangs-

punktet var gamal handverkstradisjon. Dette vart ei viktig attåttnæring for kvinnene i Sogn. Marknaden var dei reisande, men dei for også til Oslo og selde produkta sine. Om vinteren strikka kvinnene jakker, løparar og vottar som dei selde om sommaren.

LEIKANGER

Fruktbygda Leikanger har så gunstig klima at aprikosar og fersken kan dyrkast på friland. Planteforsk Njøs kryssar og eksperimenterer med desse middelhavsfruktene med tanke på dyrking her nord.



Sogndalsfjøra med Hofslund hotell i framgrunnen.

parar. I folkefantasien blei han Noregs Robin Hood, mannen som stal frå dei rike og gav til dei fattige. Dessutan sjarmerte han kvinner som få andre i landet.

I 1827 blei han livstidsslave på Akershus Festning der han skreiv sitt eige «Levnedsløb». Gjest Bårdsen har vore omstridd. Mytane om han har falle, men det er også laga ein strålande film om han. Både filmen

og skodespelararprestasjonen høyrer til blant dei fremste i norsk filmhistorie. No er huset til Gjest restaurert i det gamle strandsitjarmiljøet etter lange debattar og ulike synspunkt på denne merkelege mannen. I dag er Sogndal regionsenter og høgskulesenter. Bygda er også kjend for fotballaget sitt, som har spela cup-finale og vore i den norske elite-divisjonen.



Reiskapsamlinga på Sogn Folkemuseum er blant dei største i landet. Over 30 000 gjenstandar og 40 bygningar er tekne vare på.

KAUPANGER

Frå Kaupanger kan ein ta ferje til Gudvangen og Lærdal. Kring Amlabukta låg den eldste småbyen i Sogn, Lusa-kaupangen. Her finn vi Kaupanger hovedgård, som er den største privateigedomen i fylket. I lange tider var han «adelig sædegård». Han er i familien Knagenhjelm si eige. På Kaupanger finn vi også den største stavkyrkja i Sogn, truleg oppført på slutten av 1000-talet. Ved ei grovhendt restaurering i 1862 tapte kyrkja mykje av særpreget sitt. Mykje er forresten retta opp att ved restaureringa i 1965.

De Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum ligg på Kaupangerskogen, men Sogn Fjordmuseum finn vi ved sjøkanten. Kaupangerskogen er blitt eit av dei mest ekspansive områda i heile Sogn og Fjordane. Her har Lerum det nye og store fabrikkannlegget sitt, og her har bilfirma etablert seg. Som næraste granne til De Heibergske Samlinger har det store turistanlegget Vesterland vakse fram.

LÆRDALSØYRI - SÅ LANGT REKK PUSTEN FRÅ BERGEN

Det er få stader at pusten frå Bergen er meir synberr enn i Lærdal. Lærdalsøyri var Bergen sin forlenga arm mot Austlandet, Valdres og Hallingdal. Rundt 1840 var det på tale å grunnleggja ein by i Lærdal. Fundamentet for bytanken var handelen mellom aust og vest. Lærdalsmarknaden var ein møtestad for døler, fjordfolk, kystfolk og bergensarar. Vare blei ofte bytt mot vare utan bruk av pengar som mellommiddel. Men denne marknaden var også eit kulturelt skjeringspunkt for spreiring og utveksling av folkedikting og folkemusikk.

Mange tente store pengar på transitthandelen på Lærdalsøyri. Ein av desse var Jan Henrik Nitter Hansen. Han var av Lustraett, son til





På godset til familien Rumohr på Frønningen bur Wilhelm Rumohr, son til Knut Rumohr.

☞ Interiør frå hovudhuset på Frønningen.

studert frå ungdommen av, og det studiet prega han både som kunstnar og menneske. Han var inspirert av naturen, men nytta eit nonfigurativt formspråk. I enkelte av bilda er han veldig, ekspressiv og dramatisk. Bileta hans er reine eksplosjonar i raudt og svart og mørkeblått med lyseffektar i gult og kvitt.

Knut Rumohr var ikkje berre sogning. Han budde i lange periodar i Oslo, og hadde to dialektar. Han tala sogning med alle sogningar, men med andre nordmenn tala han bergensk. Han hadde djup respekt for kulturen til folket i bygdene i Sogn. Det ser vi også av samlargjeringa hans. I tunet sitt rundt eit moderne atelier samla han eit bygdemuseum med hus og gjenstandar som han restaurerte med varlege hender.

ÅRDAL - SOSIALT MØNSTERSAMFUNN

Det er få stader i landet vårt at den nære og omstilte fortida vår kjem nærmare inn under huden vår enn i Statsråd Evensens veg på Årdalstangen. No er gata innsnevra noko. Før var ho brei og overdimensjonert og fortalde om optimisme og framtidshåp i tida etter 2. verdskrigen. Lars Evensen (1896–1969) var pølsebakaren som blei nestleiar i LO,



fossen og Utladalen. Sognefjorden, Jotunheimen og Vettisfossen femner om alt det Noreg har å by på, til dei som vil besøkje landet.

LUSTRAFJORDEN

Vi har sett at Hansen-familien i Lærdal som bygde seg ein stor handelskapital midt på 1800-talet, fekk mykje å seia for Sogn. Jan Henrik hadde to systrer, Torborg og Susanna, som begge blei gifte med kaptein Ger-

hard Munthe i Kroken. Gjennom Gerhard Munthe blei Sogn faktisk ein mykje besøkt stad for kunstnarar av nasjonalt og internasjonalt format. Mor til Jan Henrik, Mari, flytte attende til Luster og kjøpte Eide-garden i Skjolden. Ho fekk ført opp eit herskaphus og mura ein fjøs som det gjekk gjetord om. Ho henta vatn inne frå fjellet og veita det fram slik at ho kunne vatna både åker og eng. Mari Eide døydde i 1847, og svigersonen kaptein Munthe tok fatt på garden. Men han hadde nok frå før, og i 1851 sat gudbrandsdølen Steinar Torgeirson Sulheim på Eide-garden.

Med dette kom Sulheim-familien inn i reiselivet i Sogn. Dei blei kjende fjellførarar til tindane i Vest-Jotunheimen, til Fanaråken og Store Ska-gastølstind. Vogga til tindesporten finn ein likevel på Turtagrø. Å sitja der og sjå fjellheimen i all sin velde, får oss til å kjenna oss takksame for det naturen gjev oss. Du brenn etter å bruka føtene til å nå nye toppar. Herifrå kan du også sykla ned til Øvre Årdal. Og du kan fundera over korleis det nye Noreg voks fram etter 2. verdskrig.

Luster, som har flatevidd som best kan samanliknast med eit aust-norsk fylke, fløymer over av spesielle kulturminne og naturopplevingar. Luster er Veitastrondi med geitosten sin, Hafslovatnet med storaure, skisenter på Heggmyrane og ikkje minst strandstaden Solvorn. I Solvorn har dei gjort det gamle til noko moderne og nytt. Hotell Walaker osar av trivnad og blomar, her er kunst og galleri, og her frå bryggja kan du ta ferja over til Ornes, til Urnes stavkyrkje. Men Urnes kan ein også nå ved å fara heile Lustrafjorden rundt. «Den romantiske vegen» frå Skjolden til Kinserdalen svingar seg gjennom eit landskap der elvane fossar seg kvite, der mest kvart gardsnamn kan knytast til særdrag i den nasjonale historia.

«FORTUN FRA TIL SOGNEFEST»

Det finst ikkje tvil om kvar Sognefjorden tek til. Det er ute ved havet, ved Sygnefest og der ikring. Men kvar sluttar fjorden? Er det i Flåm, i Gudvangen, i Lærdal eller på Årdalstangen? Mange har stilt dette spørsmålet, som det er uråd å gje noko bestemt svar på. Men kanskje kan det her vera lurt å halda seg til det som i nasjonal samanheng blir rekna som fjordens endestasjon. Det var Henrik Wergeland, nasjonal-skalden, som definerte kvar fjorden sluttar. «Fortun fra til Sognefest» kalla han heile det lange området som eigentleg er Sognefjorden. Fortun ligg på land, i dalføret innafor Skjolden. At fjorden går på land før vi stig oppover, stadig oppover mot himmelsyna, er eit godt bilete på det mangfaldet og dei variasjonane som Sognefjorden er.

⇒ *Urnes stavkyrkje på Ornes er den eldste bevarte stavkyrkja.*

